

UTGREIING ETTER OPENHEITSLOVA – BYGG 1 PRODUKTER AS

Generell informasjon

Bygg1 tilbyr dører og andre byggevarer til forhandlarar, husfirma og entreprenørar.

Bygg1 er grossist og samarbeider med produsentar som har lang erfaring innan produksjon av dører og andre byggevarer. Vårt moderne lager og kontorbygg ligg i Ørsta, og kyststamvegen E39 som går igjennom Ørsta, gjer at vi får transportert dørene raskt ut til kundar i heile landet.

Selskapet er organisert med avdelingar for marknad, sal, kundesenter og lager, samt leing og administrasjon.

Vi leverer eit stor utval inner- og ytterdører med tilleggsprodukt, samt listverk og utforingar, garasjevindu, loftstigar, skyvedørskarmar og dørvidarar. I tillegg tilbyr vi andre dører som prosjekt/brann- og lyddører, byggedører, badstudører og kottdører.

Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

Bygg1 arbeider systematisk for å imøtekome hensikta i Openheitslova; auka respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i verdikjeda. I 2022 vedtok styret ein plan for aktsemdvurderingar av leverandørkjeda og forretningsforbindelsar, og interne retningslinjer vart utarbeida.

Retningslinjene seier kva Bygg1 skal gjere i arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dei omfattar kva vi gjer for å trygge gode arbeidsforhold for eigne tilsette, samt kva krav verksemda skal sette til leverandørar og forretningsforbindelsar. Retningslinjene omfattar også aktsemdvurderingar knytt til direkte og indirekte innkjøp i Bygg1.

Leiinga er ansvarlege for at aktsemdvurderingane blir gjennomført, og vi har nytta risikobasert tilnærming etter OECDs modell for denne type vurdering for ansvarleg næringsliv.

Etter å ha kartlagt interne forhold, samt våre største leverandørar, danna vi oss eit risikobilde basert på analyse av storleiken på risiko knytt til brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold internt og i leverandørkjeda. Arbeidet med å kartlegge andre forretningsforbindelsar vart deretter iverksett.

Interne varslingsrutinar er utarbeida og gjort tilgjengeleg for tilsette. Retningslinjene som seier kva vi skal gjere i arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, slår fast at dersom tilsette i Bygg1 blir kjende med at det kan vere vesentlege endringar i leverandørkjeder, skal den tilsette informere leiinga som skal sikre nødvendige tiltak.

Sidan 2022 har følgjande har vi blant anna iverksett følgjande tiltak knytt til interne arbeidsforhold: utarbeida nye etiske retningslinjer inkl. opplæring, oppretta AMU-utval og utarbeida personalhandbok. Hausten 2025 la vi til rette for utvida dokumentert opplæring for tilsette på kundesenteret, og gjeldande frå 2026 er medarbeidarsamtalane meir omfattande enn tidlegare. Medarbeidarsamtalar er eit av tiltaka som skal bidra til fullt forsvarleg psykososialt arbeidsmiljø etter krav i Arbeidsmiljølova. Føremålet er å sikre god kommunikasjon, identifisere behov for opplæring, og leggje til rette for både personleg og organisatorisk utvikling.

Negative konsekvensar og risiko

I 2023 kartla vi våre største leverandørar, samt interne forhold i eige selskap. Basert på kartlegginga

danna vi oss eit risikobilde basert på analyse av storleiken på risiko knytt til brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Før Openheitslova vart gjort gjeldande, er det ein risiko for at vi ikkje har vore tydelege nok ovanfor våre leverandørar kva vi forventar knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Med eit unntak har vi ikkje avdekka vesentleg risiko for negative konsekvensar.

Ein av våre leverandørar har, saman med bransjen og norske kontrollinstansar, identifisert transportleverandørar som eit ledd i verdikjeda med gjentatte brot på anstendige arbeidsforhold og menneskerettar.

Våren 2025 kartla vi eit utval forretningsforbindelsar for å få innsikt i deira arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Basert på kva områder vi antok hadde størst risiko for brot, valde vi aktørar innan reinhald og arbeidskle. Risikovurderinga i etterkant av kartlegginga viste moderat risiko.

Leiinga gjennomfører jamlege besøk hjå dei største leverandørane. Visuell kontroll av produksjonslokala er ein del av den faste agendaen ved desse besøkka.

Tiltak

I etterkant av risikovurderinga utarbeida vi ein handlingsplan med tiltak for å redusere risikoen. Tiltaka i prioritert rekkefølge er:

1. Vi har et godt samarbeid med leverandøren som har identifisert brot på anstendige arbeidsforhold og menneskerettar hos transportleverandørar. Vår leverandør har sett i verk ei rekke tiltak for å betre forholda. Desse tiltaka er både internt og i samarbeid med bransje og norske kontrollinstansar/mynde. Vi vil følge dette arbeidet framover, og saka blir satt på dagsorden på driftsmøta vi har med leverandøren.
 - Leverandøren har gjennomført omfattande arbeid for å betre forholda. Arbeidet er dokumentert i rapportar som er tilgjengeleg på leverandørens nettside. Vi vil følge arbeidet vidare framover.
 - Arbeidstilsynet informerte om følgande 5. mai 2025: *«Fra 1. juni 2025 har varebilsjåfører krav på minstelønn. Det betyr minimum 222 kroner i timelønn i en bransje der mange arbeidstakere er særlig utsatt for utnyttelse. Dette er et tiltak som vi mener vil redusere risikoen for utnyttelse av sårbare arbeidstakere, og ikke minst gi oss flere og bedre muligheter til å undersøke lønns- og arbeidsvilkår i bransjen».*
 - Framover vil vi fortsatt følge utviklinga i denne viktige saka.
2. Tiltak knytt til interne arbeidsforhold:
 - Etablert personalhandbok
 - Etablert arbeidsmiljøutval
 - Utvida bruk av dokumentert opplæring som metodikk.
 - Betre metodikk for medarbeidersamtalar

Kontinuerleg arbeid


Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold skal gå over tid, og er ein prosess der Bygg1 skal bidra til å trygge arbeidsforhold for eigne tilsette, og forhold vi bidreg til gjennom leverandørar og underleverandørar.

Ørsta, 28.04.2026



Svein Andersen

Styreleiar



Rune Smestad

Styremedlem



Sigrun Heltne Vartdal

Styremedlem

